

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 04.11.2004 **Tid:** 17.00-22.40

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 21, inkl. 0 varamenn:

**Andre som var tilstades på møtet:** Adm.sjef Ramsli og Ass.adm.sjef Våge.

**Merknader:** L.B. Khadoor fekk permisjon frå møtet kl. 21.30. I. Aasgaard fekk permisjon frå møtet kl. 21.45. Begge gjekk ifrå under handsaminga av sak 35/04.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 9. november 2004

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent.

**VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:**

Magda Haugen, Sture Tveit, Marit Aase.

**UTVALET SITT KVARTER:**

Odd Lønnebakken stilte spørsmål om korleis det går med tilsettingsprosessen vedk. leiar for teknisk eining

Administrasjonssjefen orienterte om saka: Leiar for teknisk eining vert truleg tilsett innan utgangen av november.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Administrasjonssjefen orienterte om følgjande:

**Basseng:**

I Samnanger sin anleggplan for idrett har naturutvalet vedteke basseng som 1. prioritet i 2005. Naturutvalet skal rullere denne planen i utvalsmøtet den 1. desember, og vedtaket vil vere grunnlaget for søknad om tippemidlar til basseng i Samnanger. Søknadsfristen er 15 januar. Elles vert det søkt om rentefrie skulelån i Husbanken i desse dagar, med håp om å kome med på 2004 året.

Teknisk eining har avtale med Asplan Viak Sør om å setje i gang med anbodsmaterialet. Arbeidet har teke lenger tid enn føresett pga vakanse. Det er i dag usikkert når tid bassenget kan stå ferdig.

**Barnevern tilsyn:**

Samnanger kommune hadde barneverntilsyn 14-18 juni. I år. Eit av avvika gjekk på delegasjon av leiar for barnevernet. I Samnanger kommune sitt delegasjonsreglement er dette delegert til adm.sjef og vidare til sosialeiar.

Dette er ikkje i tråd med lov om barneverntenester § 2-1, 3 ledd. Kommunestyret skal oppnemne ein administrasjon for barnevernet og gje denne administrasjonen direkte mynde til å treffe avgjer i einskildsaker, samt ha det faglege ansvaret.

Kommunestyret må difor vedta følgjande endring i delegasjonsreglementet:

Kommunestyret gjev sosialeininga det faglege ansvaret og mynde til å treffe avgjer i einskildsaker. Sosialeiar er leiar for barneverntenesta, jfr. lov om barneverntenester § 2-1,3 ledd. Kommunestyret hadde ynskje om å få denne endringa opp som eiga sak.

**Ordføraren orienterte;**

PØ og gruppeleiarar har fått innkalling til møte med Kvam kommune onsdag 10.11.04.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0030/04	04/00177 <b>UTBYGGINGSPLANAR I SAMNANGERVASSDRAGET OG ALDASELV.</b>
0031/04	04/00226 <b>SAMLA PLAN FOR VASSDRAG: OVERFØRINGAR TIL SAMNANGERVASSDRAGET.</b>
0032/04	04/00270 <b>AVFALLSPLAN FOR BIR 2004-08.</b>
0033/04	03/00038 <b>SAMARBEID OM LANDBRUKSTENESTER FORSKRIFT OM FORSØK MED OVERFØRINGA</b>
0034/04	03/00333 <b>PLAN FOR SENIORPOLITIKK</b>
0035/04	04/00382 <b>KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2005</b>
0036/04	04/00394 <b>NY BARNEHAGE PÅ GJERDE KOMMUNAL - PRIVAT DRIFT/EIGARSKAP</b>
0037/04	03/00415 <b>OPPNEMNING AV VEGNEMND</b>

0030/04

## UTBYGGINGSPLANAR I SAMNANGERVASSDRAGET OG ALDALSELV.

### **Framlegg til vedtak::**

Saka vert lagt fram for utvalet utan tilråding.

### **Handsaming i møte:**

*Ad hoc utvalet v/Idar Reistad sette fram følgjande alternative framlegg;*

” Samnanger kommune ynskjer ikkje utbygging i Aldalen.

Om Samnanger kommune sin motstand ikkje vinn fram, må det ved eventuell konsesjonshandsaming setjast krav om at økonomi og ulemper i Aldalen vert samanlikna med å rehabilitera/byggja nytt kraftverk på Frøland. Dette vil vere for å få ein samla vurdering i høve til eit større perspektiv. I den samanheng er det viktig at produksjon i kraftverket til Safa as, og eventuelle nye småkraftverk, vert teke med i høve til å finne det mest samfunnsøkonomiske alternativet.”

*Ad hoc-utvalet v/Idar Reistad sette fram følgjande alternative framlegg;”*

Kommunen krev at det vert utarbeid ein alternativ Samla Plan. Denne planen må innehalde ei vurdering av lokal utbygging av Aldalselva og Kvernelva, fallet som Safa as utnyttar i Tysseelva og ei vurdering av rehabilitering/nytt kraftverk på Frøland.

Samnanger kommune er beden om å gje fråsegn til Samla Plan. For Samnanger kommune tyder dette at kommunen skal uttale seg om overføringar av Aldalselva, Kvernelva og heile Samnangervassdraget til nytt kraftverk i Aldalen.

1. Aldalselva og Kvernelva bør ikkje overførast til nytt kraftverk, slik det er skissert i Samla Plan. Kommunen meiner omsynet til natur, miljø og andre samfunnsomsyn som skal vektleggjast tilseier at desse falla bør utnyttast lokalt og kvar for seg utan overføring til andre vassdrag.

Kommunen meiner også at nedre del av Tysse-elva bør byggjast ut av Safa i samsvar med den konsesjonen som alt er gjeven.

Kommunen meiner at det bør vurderast å rehabilitera/byggja nytt Frøland Kraftverk. Potensialet som ligg i ei oppgradering av eit kraftverk på Frøland er ikkje teke med i Samla Plan.

2. Kommunen forstår det slik at Samla Plan i prinsippet er ei kartlegging av ressursar og moglege utbyggingsalternativ. Staten ved Direktoratet for naturforvaltning er ansvarleg for dette utgreiingsarbeidet. Kap. 3 i Samla Plan gjev eit oversyn over korleis utbygginga teknisk er tenkt gjennomført og over kostnadane og andre økonomiske sider med prosjektet. Kap. 3 legg difor særleg sterke føringar på kva for utbygging som vert aktuell.

Kap. 3 i Samla plan er etter det kommunen forstår arbeidd ut av BKK, som også er den aktuelle utbyggjaren. Kommunen meiner dette ikkje er ei forsvarleg sakshandsaming. Slike

alternative utbyggingsmåtar, som kommunen har peika på i pkt. 1 ovanfor må også vurderast i ein Samla Plan samanheng.

Kommunen viser til at denne framgangsmåten vart fylgt i Haugdalsvassdraget, der problemstillingane var tilsvarande som hos oss, vassdragsrapport nr. 25, 1999.

Kommunen vil her peika på at slik utviklinga har vore er det endå viktigare enn før at det vert arbeidd ut Samla Plan med fleire alternative utnyttingsmåtar:

- a) Stortinget har vektlagt at utbygging av mindre anlegg skal vera mogleg.
- b) Dei store kraftselskapa byggjer no ut med tanke på kommersiell utnytting av energien. Overordna samfunnsomsyn som at energien skal nyttast til "allminnelig forsyning i eget distrikt" j.f.r gamle vassdragslov § 148 vert ikkje vektlagt som tidlegare.
- c) Privatisering av offentleg energiselskap med tilhøyrande overføring av ressursar til private synest å vera gjeven opning for.
- d) Vassdraga i Samnanger tilhøyrer private grunneigarar som sjølve er interessert i å byggja ut.
- e) Det er tenkjeleg at løyve til oreigning vil bli sett på som ein automatisk sideverknad av konsesjon etter vassdragslovgevinga. Dette gjer at det er særleg viktig at alle sider ved Samla Plan prosjekta vert skikkeleg opplyst.
- f) Aldalselva har tidlegare vore vurdert i høve til Samla Plan og ein lokal utnytting av vassdraget, vassdragsrapport 247 Aldalselva juni 1985.

Samnanger kommune har tidlegare uttalt at kraftressursane i kommunen skal kartleggast, og det er eit ynskje at kraftutbyggjinga skjer mest mogeleg av lokale aktørar.

Om kommunen ikkje får gjennomslag for ny Samla plan, vil kommunen gå i mot utbygging i Aldalen slik det er skissert i planen. Det vert synt til vedlagt høyringsskjema."

*Idar Reistad sette fram eit tredje alternativ til framlegg;*

" ..som 2. framlegget med følgjande endringar: punkt 1 før første avsnitt og uthevast. Nytt 2 erstatter siste avsnitt; **Kommunen går i mot utbygging i Aldalen slik det er skissert i planen. Det vert synt til vedlagt høyringsskjema.**"

Dei to første framlegga vart drøfta og trekt.

Det vart tilslutt røysta over Reistad sitt tredje framlegg, som vart vedteke med 20 mot 1 røyst.

#### **Vedtak:**

##### **1.**

**Kommunen krev at det vert utarbeid ein alternativ Samla Plan. Denne planen må innehalde ei vurdering av lokal utbygging av Aldalselva og Kvernelva, fallet som Safa as utnyttar i Tysseelva og ei vurdering av rehabilitering/nytt kraftverk på Frøland.**

Samnanger kommune er beden om å gje fråsegn til Samla Plan. For Samnanger kommune tyder dette at kommunen skal uttale seg om overføringar av Aldalselva, Kvernelva og heile Samnangervassdraget til nytt kraftverk i Aldalen.

Aldalselva og Kvernelva bør ikkje overførast til nytt kraftverk, slik det er skissert i

Samla Plan. Kommunen meiner omsynet til natur, miljø og andre samfunnsomsyn som skal vektleggast tilseier at desse falla bør utnyttast lokalt og kvar for seg utan overføring til andre vassdrag.

Kommunen meiner også at nedre del av Tysse-elva bør byggjast ut av Safa i samsvar med den konsesjonen som alt er gjeven.

Kommunen meiner at det bør vurderast å rehabilitera/byggja nytt Frøland Kraftverk. Potensialet som ligg i ei oppgradering av eit kraftverk på Frøland er ikkje teke med i Samla Plan.

Kommunen forstår det slik at Samla Plan i prinsippet er ei kartlegging av ressursar og moglege utbyggingsalternativ. Staten ved Direktoratet for naturforvaltning er ansvarleg for dette utgreiingsarbeidet. Kap. 3 i Samla Plan, gjev eit oversyn over korleis utbygginga teknisk er tenkt gjennomført og over kostnadane og andre økonomiske sider med prosjektet. Kap. 3 legg difor særleg sterke føringar på kva for utbygging som vert aktuell.

Kap. 3 i Samla plan er etter det kommunen forstår arbeidd ut av BKK som også er den aktuelle utbyggjaren. Kommunen meiner dette ikkje er ei forsvarleg sakshandsaming. Slike alternative utbyggingsmåtar, som kommunen har peika på i pkt. 1 ovanfor må også vurderast i ein Samla Plan samanheng.

Kommunen viser til at denne framgangsmåten vart fylgt i Haugdalsvassdraget, der problemstillingane var tilsvarande som hos oss, vassdragsrapport nr. 25, 1999.

Kommunen vil her peika på at slik utviklinga har vore er det endå viktigare enn før at det vert arbeidd ut Samla Plan med fleire alternative utnyttingsmåtar:

- a) Stortinget har vektlagt at utbygging av mindre anlegg skal vera mogleg.
- b) Dei store kraftselskapa byggjer no ut med tanke på kommersiell utnytting av energien. Overordna samfunnsomsyn som at energien skal nyttast til "allminnelig forsyning i eget distrikt" j.f.r gamle vassdragslov § 148 vert ikkje vektlagt som tidlegare.
- c) Privatisering av offentleg energiselskap med tilhøyrande overføring av ressursar til private synest å vera gjeven opning for.
- d) Vassdraga i Samnanger tilhøyrer private grunneigarar som sjølv er interessert i å byggja ut.
- e) Det er tenkjeleg at løyve til oreigning vil bli sett på som ein automatisk sideverknad av konsesjon etter vassdragslovgevinga. Dette gjer at det er særleg viktig at alle sider ved Samla Plan prosjekta vert skikkeleg opplyst.
- f) Aldalselva har tidlegare vore vurdert i høve til Samla Plan og ein lokal utnytting av vassdraget, vassdragsrapport 247 Aldalselva juni 1985.

Samnanger kommune har tidlegare uttalt at kraftressursane skal kartleggast i kommunen, og det er eit ynskje at kraftutbyggjinga skjer mest mogeleg av lokale aktørar.

## 2.

**Kommunen går i mot utbygging i Aldalen slik det er skissert i planen. Det vert synt til vedlagt høyringsskjema.**

0031/04

**SAMLA PLAN FOR VASSDRAG: OVERFØRINGAR TIL SAMNANGERVASSDRAGET.**

**Framlegg til vedtak::**

Saka er lagt fram utan tilråding.

**Handsaming i møte:**

Idar Reistad sette fram følgjande framlegg frå ad hoc-utvalet;

” Samnanger kommune har ingen merknadar til Samla Plan for vassdrag; overføringar til Samnangervassdraget.”

Det vart røysta over framlegget, som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune har ingen merknadar til Samla Plan for vassdrag; overføringar til Samnangervassdraget.

0032/04

**AVFALLSPLAN FOR BIR 2004-08.**

**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune godkjenner Avfallsplan 2004 – 2008 for Bergen interkommunale selskap, BIR, i høve til høyringsutkast juni 2004.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune godkjenner Avfallsplan 2004 – 2008 for Bergen interkommunale selskap, BIR, i høve til høyringsutkast juni 2004.

0033/04

**SAMARBEID OM LANDBRUKSTENESTER FORSKRIFT OM FORSØK MED OVERFØRING A**

**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune godkjenner forskrift om forsøk med overføring av mynde til landbruksforvaltninga i Fusa, Os og Samnanger. Søknad om godkjenning av forsøk med forskrift vert send til Kommunal- og regionaldepartementet.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteken.

**Vedtak:**

Samnanger kommune godkjenner forskrift om forsøk med overføring av mynde til landbruksforvaltninga i Fusa, Os og Samnanger. Søknad om godkjenning av forsøk med forskrift vert send til Kommunal- og regionaldepartementet.

0034/04

**PLAN FOR SENIORPOLITIKK****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune vedtek plan for seniorpolitikk dagsett 28.05.04 slik den ligg føre. Økonomiske tiltak i planen må innarbeidast i budsjettet for 2005 og økonomisk plan vidare.

**Handsaming i møte:**

Administrasjonssjefen orienterte om skriv frå utdanningsforbundet.

Møtet vart mellombels heva og det vart gjennomført gruppemøte.

Øyvind Røen sette fram følgjande framlegg:” Tiltaka i seniorpolitisk plan skal og gjelda lærarane. Dvs at denne setning i 11.1 skal strykast: Unnateke frå dette er ordninga med tilretteleggingstilskot som ikkje gjeld for pedagogisk personale i skulen.”

Sture Tveit stilte spørsmål om han og andre kommunalt tilsette var ugilde. Sture Tveit, Inge Aasgaard, Magda Haugen og Helge Reistad gjekk ifrå under handsaminga av ugildskapen. Dei vart samrøystes funnen gilde.

Nils Gåsdal sette fram følgjande framlegg til endringar i pkt 11.1:” Nedanfor følgjande oversikt over tiltak som vart innført i Samnanger kommune med verknad frå 01.05.05. Tiltaket gjeld for alle kategoriar av fast tilsette.

Magda Haugen bad om nytt gruppemøte.

Røen v/Sp trekte sitt framlegg.

Idar Reistad sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune vedtek plan for seniorpolitikk dagsett 28.05.04 med følgjande endringar:

- ✓ Ajourføring av nokre punkt i planen som forklarar ulike reglar/ordningar (gjeld dei punkta som forklarar reglar/ordningar som er endra etter 28.05.04). Dette gjeld pkt. 8.3.2, 9.1 og 9.2.
- ✓ Kommunestyret delegerer til administrasjonsutvalet å gjera endeleg vedtak i pkt. 11.1 og 11.1.2 i planen, dvs. at administrasjonsutvalet får mynde til å avgjera om pedagogisk personale i skulen skal vera omfatta av ordninga med tilretteleggingstilskot eller ikkje.



- ✓ I pkt. 11.1.1 vert det teke inn presisering om at lønstillegg ikkje kan utbetalast etter at den tilsette har fylt 70 år.
- ✓ I pkt 11.1.2 vert det teke inn presisering om at ordninga med tilretteleggingstilskot ikkje gjeld for tilsette etter at dei har fylt 70 år.”

Det var først røysta over framlegget frå Administrasjonsutvalet, som fekk ingen røyster  
Deretter vart det røysta over Gåsdal v/Ap sitt framlegg, som fekk 14 røyster.  
Til slutt vart det røysta over Reistad sitt framlegg v/Bl, som fekk 7 røyster.  
Gåsdal v/Ap sitt framlegg vart vedteke.

#### **Vedtak:**

Samnanger kommune vedtek plan for seniorpolitikk dagsett 28.05.04 slik den ligg føre.  
Økonomiske tiltak i planen må innarbeidast i budsjettet for 2005 og økonomisk plan vidare.  
Tiltaka i pkt 11.1 vert innført i Samnanger kommune med verknad frå 01.05.05. Tiltaka gjeld for alle kategoriar av fast tilsette.

0035/04

### **KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2005**

#### **Framlegg til vedtak::**

Kommunale avgifter og gebyr i Samnanger kommune for 2005 vert slik dei går fram av vedlegg dagsett 11.10.2004.

#### **Handsaming i møte:**

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:

” Kommunale avgifter og gebyr 2005, SFO-foreldrebeting, renovasjonsavgift for bedrifter og avgifter for gravplass vert handsama i samband med budsjett-2005 på desembermøtet i kommunestyret”.

Øyvind Røen sette fram følgjande framlegg:” Hytter i kategori 4 har kr.0,- i renovasjonsgebyr.”

Liv Berit Khadoor bad om å få permisjon frå resten av møtet. Permisjonen vart gjeve frå kl. 21.30

Inge Aasgaard bad om å få permisjon frå resten av møtet. Permisjonen vart gjeve frå kl. 21.45

Sigmund Dyrhovden sette fram følgjande framlegg:” Kulturskulen får auka sine satsar med maksimalt 5%.”

Helge Reistad sette fram følgjande framlegg:” Feieavgift. Beting for fresing av pipe kr. 500, pr. pipe”

Øyvind Røen trekte sitt framlegg og bad om å få det utsett til neste kommunestyremøte.

Magda Haugen sette fram følgjande framlegg:” Eigenbetaling i kulturskulen 2-5 elevar kr. 1.900,- pr. elev pr. skuleår Elevar i kulturverkstad kr. 600,- pr. elev pr. Skuleår. Søskenmoderasjon som i 2004.”

Det vart først røysta over framlegget til Aase som vart samrøystes vedteke. Deretter vart det røysta over Reistad sitt framlegg, som vart vedteke med 18 mot 1 røyst. Til slutt vart det røysta alternativt over Dyrhovden og Haugen sine framlegg. Dyrhovden sitt framlegg fekk 12 røyster og vedteke mot Haugen sitt framlegg som fekk 7 røyster.

Til slutt vart det røysta over dei kommunale avgiftene med dei vedtekne endringar, som vart samrøystes vedteken.

**Vedtak:**

Kommunale avgifter for 2005 slik dei går fram av vedlegg dagsett 11.10.2004 vart vedteke med følgjande endringar:

SFO-foreldrebetaling, renovasjonsavgift for bedrifter og festeavgifter for gravar vert handsama i samband med budsjett-2005 på desembermøtet i kommunestyret.

Feieavgift; Betaling for fresing av pipe kr. 500, pr. pipe.

Kulturskulen får auka sine satsar med maksimalt 5%.

0036/04

**NY BARNEHAGE PÅ GJERDE  
KOMMUNAL - PRIVAT DRIFT/EIGARSKAP**

**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune vel å byggje ny barnehage på Gjerde, der kommunen står som kommunal eigar og driftar. Det vert utarbeid sak om finansiering og forprosjekt i samband med budsjett og økonomiplan 2005-08.

**Handsaming i møte:**

Sigmund Dyrhovden sette fram følgjande framlegg avsnitt 2:” For å sikra evt. framtidig utviding av barnehagen på Gjerde, må alternative tomter i området ved Gjerde skule takast inn i vidare planlegging. Finansiering av ny barnehage og forprosjekt vert innarbeidd i budsjett og økonomiplan 2005-08.

Kommunen freistar å få private aktørar til å drive barnehage.

Kommunen freistar å få private aktørar med i finansiering av barnehagen.”

Det vart røysta alternativt over framlegga. Dyrhovden sitt framlegg fall med 4 mot 15 røyster.

**Vedtak:**

Samnanger kommune vel å byggje ny barnehage på Gjerde, der kommunen står som kommunal eigar og driftar. Det vert utarbeid sak om finansiering og forprosjekt i samband med budsjett og økonomiplan 2005-08.

0037/04

## **OPPNEMNING AV VEGNEMND**

### **Framlegg til vedtak::**

#### **Handsaming i møte:**

Samnanger kommune oppnemner ei vegnemnd. Ole Totland, Vidar Rolland og Brynjulf Hernes vert valde som medlemmer til nemnda ilag med ordføraren.

Mandatet til nemnda er å ha fokus på samferdsle og vegspørsmål som er aktuelle for Samnanger og å representera kommunen i møte med nabokommunane og regionen. Nemnda rapporterer til kommunestyret. Ole Totland, Vidar Rolland og Brynjulf Hernes vert valde for inneverande kommunestyreperiode, dvs til hausten 2007. Teknisk eining har sekretærfunksjon.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Samnanger kommune oppnemner ei vegnemnd. Ole Totland, Vidar Rolland og Brynjulf Hernes vert valde som medlemmer til nemnda ilag med ordføraren.

Mandatet til nemnda er å ha fokus på samferdsle og vegspørsmål som er aktuelle for Samnanger og å representera kommunen i møte med nabokommunane og regionen. Nemnda rapporterer til kommunestyret. Ole Totland, Vidar Rolland og Brynjulf Hernes vert valde for inneverande kommunestyreperiode, dvs til hausten 2007. Teknisk eining har sekretærfunksjon.